

VAREDEKLARASJON

SKJELLSAND FIN

Skjellsand Klasse 1: Svært forvittra, tynt skjellmateriale

Denne skjellsanden vert tatt opp i Ryfylke, Rogaland. Skjellsand ó og armføtingar (brachiopodar) ó har vorte avsett i om lag 500 millionar år, og utgjer i dag ein stor del av ordovicisk-silursk kalkstein i Noreg. Skjellsand i form av lausmassar ved kysten er hovudsakleg frå kvartærtida (siste 1,5 millionar år), og det skjer ei sakte nydanning av skjellsand.

Avhengig av dei artar av muslingar, kråkebollar, røyrormar, rur og korallar som er opphav, og av forvitringsgrad som oppstår ved slitasje med havbårene, vil vi få skjellsand av ulike kvalitetar. I Noreg er desse rangert i 4 klasser, 3 av skjellsand og 1 av korallsand.

Det deklarerte produktet er av klasse 1, og vert tatt opp ved Vedavågen, Karmøy, og ved Bømlø og Fjell i Hordaland. Skjellsand er eit variabelt naturprodukt, og kalkverdi vil avhenge av både reinleik (nøytraliserande verdi), kornfordeling og fukt. Stadig produksjonskontroll er nødvendig for å sjekke kvalitet.

Varetype: Skjellsand

Deklarerbart næringsinnhald i fuktig vare: Kalsium (Ca): 25,3% [33,0% Ca i tørr vare]
Magnesium (Mg): 0,8% [1,0% Mg i tørr vare]

Findelingsgrad: 100% finare enn 6,3 mm	70% finare enn 0,8 mm
99,9% finare enn 3,15 mm	47% finare enn 0,6 mm
99% finare enn 2,0 mm	24% finare enn 0,4 mm
81% finare enn 1,0 mm	4% finare enn 0,2 mm

Innhald av vatn: ca. 21 %

Nøytraliserande verdi i fuktig vare: 37 [47 i tørr vare]

Kalkverdi: 30/34 \pm 3 over 1år/5år

Volumvekt: ca. 0,80 kg/dm³ (tørr vare), ca.1,0 kg/dm³ (fuktig vare)

Leveringsmåte: I bulk (laust)

Bruk: Skjellsand Fin er eit effektivt kalkingsmiddel, med CaCO₃ som hovudkomponent, og som dekker dei fleste bruksområde der det ikkje er særleg bruk for ekstra Mg (magnesium).

Med god findelingsgrad verkar denne skjellsanden raskt og bygger opp ein kalkreserve i jord ved å auke basemetnadsgraden i jordbuffersystemet. Dei grovere partiklane utgjer ein kalkreserve som delvis vert løyst opp over ein kalkingsperiode på 5 år.

Skjellsand Fin kan nyttast både i jordbruk, hagebruk, park/grøntareal og skogbruk.

Lagring: - Bulkvare for eigen- og entreprenørspreiling: Innandørs planlager gunstig for opptørking, eller utandørs dersom dette ikkje fører til særlege spreieproblem.

Spreiing: Sentrifugalspreiarar med matebelte [tørr/fuktig vare], "Guffen"/avlessarvogn med kalkspreieutstyr. Kalkvogn. Moi-spreiar for skjellsand (steinrist på toppen).

Tryggleiksforskrifter:

Skjellsand vil normalt ikkje støve under spreiling. Ved evt. støving skal det nyttast vernebriller og støvmaske. Pass opp for utslynging av steinmateriale under spreiling ó hald avstand.

BOSTON AS
Postboks 537 - 4291 KOPERVIK

TLF. 932 17465/452 51111 (mobil) ó FAKS 930 70330 (rekneskapsktr.)

Internett: www.sandstrand.as